

Nr. 3

Mars 1981

# 4.mai



#### INNHold:

|                                                    |      |
|----------------------------------------------------|------|
| Sentralstyrets plenum om høyre.....                | s 3  |
| Sentralstyret om utmeldingane i Bergen.....        | s 4  |
| Høgreføren er ein realitet.....                    | s 5  |
| Høgredebatten: andre runde fra K.....              | s 12 |
| Replik til K.....                                  | s 14 |
| Er alt svart, noen kommentarer til Tromsø-lag..... | s 14 |
| Høyre, venstre og den såkalte sentrismen.....      | s 16 |
| Et svar.....                                       | s 17 |
| "Livet blir for kjipt uten kampanjer".....         | s 19 |
| Stopp avvaksdebatten: tenk framover i staden.....  | s 21 |
| Velen fram går først til venstre.....              | s 22 |
| Interessekampen og det stratiske målet.....        | s 23 |
| RV: NKS og valgarbeidet.....                       | s 24 |
| Innretting på valgkampen.....                      | s 25 |
| Sosialismedebatt, hvem reviderer.....              | s 29 |
| Rapport om stoda: Er høgre ein fiksjon.....        | s 33 |

#### DAULINE FOR NESTE NUMMER: 10. APRIL

##### Innlegg til 4. mai:

Vi tar gjerne i mot innlegg til 4. mai. Husk at interdebatten er viktig både for å styrke demokratiet og sentralismen i forbundet.

Noen gode råd til skriverne fra redaksjonen: Ikke skriv for lange innlegg. Prøv å hold innleggene under 3 - tre - maskinskrevne A4 sider (dobbel linjeavstand). Du trenger ikke skrive innlegget på maskin hvis du har leselig håndskrift, men prøv å beregne lengden etter maskinskrevne sider.

Finn overskrift på innlegget sjøl. Hvis innlegget er langt hjelper det leseren om du setter inn mellomoverskrifter.



Hilsen redaksjonen



# SENTRALSTYRETS PLENUM OM HØYRE

1. Sentralstyret har diskutert spørsmålet om høgrevviket i NKS og meiner det er klart dokumentert at det eksisterer eit systematisk høgrevvik som gir seg uttrykk på ein rekke område.

2. Hgreavviket viser seg som politiske idear, linjer og praksis som på forskjellig måte vil gje slipp på kommunistiske prinsipp og stikke våre revolusjonære målsettinger under ein stol. Diskusjonane i organisasjonen om desse spørsmåla må rettast inn på å vise at det ikkje berre er snakk om høgrefeil på enkelte område, t.d. demokratisk sentralisme, men at det finns ein systematisk høgretendens. Dei foreståande årsmøtediskusjonane i distrikta må legge vekt på å få fram dette.

3. Politisk utval s.i analyse av høgrefafen fra desember -80 har blitt bekrefta i tida som har gått etter at vedtaket vart fatta.

Men vedtaket har manglar:

- det analyserer ikkje det samfunnsmessige og ideologiske grunnlaget for høgrev
- i allmheild for lite dokumentasjon
- det grunnleggjev ikkje eller forklarar bruken av omgrepa høgrev og venstre.

Sentralstyret gjev derfor AU i oppdrag å utarbeide meir materiale om høgrefeila med sikte på å utvikla analysen av høgrev.

4. Sentralstyret vil åtvara mot tendensar til å undervurdere høgrefeila. Særleg bakgrunnen til utmeldingane i Bergen har vist at å unnlate å ta opp kampen mot slike tendensar kan få svært alvorlege konsekvensar for NKS.

5. I tida framover må skoloring og studiar i dei grunnleggjande prinsippa i marxismen bli ei svært sentral oppgåve. Det særregne avvik på dette området er alvorleg, og det er viktig at DSA raskt diskuterer situasjonen på dett området og legg konkrete planar for korleis dette arbeidet skal styrkast. Det er også viktig at årsmøtediskusjonane i distrikta tek opp dette området særskilt.

Skoloring i demokratisk sentralisme er særleg viktig no.

6. Ei viktig målsetting for sommarleirar og haustseminar må vere å konsolidere NKS på dei grunnleggjande prinsippa i marxismen og samstundes reise diskusjonar på spørsmål som marxismen enno ikkje har tilfredsstillande svar på.



# UTMELDINGANE I BERGEN

Sentralstyret beklagar at 7 medlemmer av forbundet i Bergen har meldt seg ut.

Del utmeldte si grunngjeving for å melde seg ut, gjeld først og fremst spørsmål kring partileiinga si praktisering av den demokratiske sentralismen, særleg i samband med landsmøterørsla og landsmøtet i partiet. Del utmeldte hevdar at landsmøterørsla og landsmøtet har vist at demokratiet ikkje fungerer i m-l-rørsla, - at partiet har blitt byråkratisk-sentralistisk.

Også i sentralstyret er det forskjellige vurderingar av delar av vedtaka frå partilandsmøtet, t.d. i synet på høgrefaren (sjå eige vedtak). Det er også forskjellige vurderingar av landsmøterørsla og dei utmeldte sin kritikk av partileiinga.

Men likevel er vi alle samde om at det ikkje finns grunnlag for dei konklusjonane dei utmeldte har dratt. Med vårt kjennskap til partiet og LM-diskusjonane, særleg sosialismediskusjonen, meiner vi det ikkje er noko grunnlag for å seie at sosialismediskusjonane og LM sine vedtak om dette er eit "bevis" på at partiet har vorte "byråkratisk-sentralistisk". Tvert i mot er det vårt inntrykk at denne diskusjonen har vore åpen og i hovudsak betyr ei utvikling av demokratiet i m-l-rørsla. At det er gjort enkelte overtramp frå personar i partileiinga i løpet av denne debatten rokkar ikkje noko på dette.

Vi vil vise til at LM i partiet har vedtatt at diskusjonar og studiar om sosialisme og andre viktige prinsippelle spørsmål skal halde fram. Vi oppfattar også vedtaka frå LM i desse spørsmåla som eit klart uttrykt syn frå LM og den nye sentralkomiteen at det er ei rekke uløyste problem i den marxistiske teorien, og at LM medvite har unngått å fatte vedtak om t.d. korleis parti-

et skal utøve si leilande rolle i eit sosialistisk Norge. Korleis dei utmeldte kan påstå at LM betyr ein slutt på den opne sosialismediskusjonen, er ei gåte for oss.

Uansett kva ein måtte meine om realitetane i sosialismediskusjonen, meiner vi det ville vore svært udemokratisk dersom LM ikkje fatta vedtak som tok stilling til nokre av dei viktigaste spørsmåla som har vore grundig diskutert i lengre tid, ikkje minst i Klassekampens spalter.

Etter utmeldingaene i Bergen er det på sin plass å slå fast at det ikkje finns noko alternativ til AKP(m-l) og NKS for revolusjonære studentar. Vi har vore usamd i manget, men vi meiner korkje passivitet eller andre organisasjonar kan vere noko tenbart alternativ for revolusjonære som i hovudsak støttar vårt revolusjonære grunnlag. Vi oppfattar at dei utmeldte framleis - i alle fall opp til nylig - gjer dette, og vi oppmodar Bergen NKS og partiet lokalt til å ta tiltak for å vinne dei utmeldte attende til NKS.

Vedtaket er utforma av arbeidsutvalget i sentralstyret men sentralstyrets plenum har einstemmig slutta seg til innhaldet i vedtaket.

# HØGREFAREN ER EIN REALITET

Politisk Utval sitt vedtak om høgrefeila i NKS har sett igang ein viktig diskusjon i NKS. Og tida etter vedtaket vart fatta har vist at dette i all hovudsak var korrekt. Samstundes er dette vedtaket på ingen måte nokon "fullstendig" analyse. Vedtaket manglar ein analyse av årsakene til høgreavviket. Ein del nye medlemmer har etterlyst ei forklaring på kvifor vi snakkar om høgreavvik og kva dette er. Det er også nødvendig å gje meir materiale om høgreavviket i NKS.

Denne artikkelen skal ta opp desse sakene og er skriven på oppdrag fra Sentralstyret.

## INGEN "KAMPANJE" MOT HØGREAVVIKET

Trass i at PU-vedtaket slår fast at vi er mot ei kampanje mot høgrefeila, så er det likevel ein del kameratar som trur at føremålet med vedtaket er ei slags politisk djevleutdriving som skal støtte ein del kameratar ut i det ytterste politiske mørke.

Dette er naturleg vis ikkje føremålet. Det har vore å peike på kva vi meiner er dei viktigaste problema i vårt arbeid no, og vi har gjeve desse feila eit navn: høgrefeil. Vi ønskjer å reise denne diskusjonen i forbundet fordi vi er overtydd om at ei neglisjering av desse problema vil vært alvorlege konsekvensar for NKS. Og vi ser det som vår plikt som kommunistisk leiting å seie klart frå om vårt syn sjølv om mange medlemmer i utgangspunktet er usamd med vår analyse. Så får diskusjonen der argument møter argument få avgjere kven som har rett.

## VIKTIG DISKUSJON FOR NKS

Ein del kameratar syns denne diskusjonen går heilt på sta av NKS sine verkelege problem. Ein kamerat oppmodar oss til å stoppe diskusjonen. Slike synsmåtar er eg usamd i. Siste nummer av 4. mai burde overtyde einkvar om at PU-vedtaket har sett i gang fleire svært grunnlegg-

leggande diskusjonar: demokratisk sentralisme, forholdet mellom lokalt og sentralt arbeid, forholdet til revisjonismen i SV, forholdet mellom dagskamp og kommunistisk arbeid, osv. Uansett kva ein kallar feila våre på desse områda, så trur eg dei aller fleste vil seie at dette er viktige spørsmål å diskutere. Men det er etter vårt syn viktig å vere klar over at det er eit system i feila.

Vi må stille oss spørsmålet om kva slags feil det er snakk om. Er t.d. den systematiske tendensen til å unnlate å markere oss som kommunistar eit kapasitetsspørsmål? eller er dette i hovudsak eit politisk og ideologisk problem som har samband med bl.a. at vi ikkje forstår betydninga av den kommunistiske organisasjonen og arbeidet? Eg meiner det siste og vil argumentere for det i det følgjande.

## ER "AVVIKSDISKUSJONAR" EIT BLINDSPOR?

Dette hevder ein del kameratar, bl.a. Bugge og eit lag i Tromsø i forrige nummer av 4. mai. Det same seier ein del av dei utmeldte i Bergen i samme nummer.

Dette er eg usamd i. Tvert imot vil eg seie at omgrepa høgre og "venstre" er nødvendige og nyttige reiskapar for ein kommunistisk organisasjon. Når vi snakkar om avvik er det fordi vi vil markere oss mot idear og politikk som på forskjellig måte står i motstrid til vårt revolusjonære grunnlag, marxismen-leninismen-Mao Zedongs tenkning.

Høgreavvik er nytta til å gje navn på tendensar som vil gje slipp på kommunistiske prinsippp og på forskjellig måte stikke våre revolusjonære målsettingar under ein stol. Døme på høgreavvik er "rødt miljø" linja i bysjinga av 70-åra som i praksis betydde å konsentrere arbeidet om å konkurrere med AUF og Unge Høyre

som festarrangørar i staden for å stille seg i spissen for ungdommens kamp.

"Venstre"avvik betyr bl.a. å ha overdriven tillit til egne krefter, planlegge utan å ta omsyn til virkligheta. I m-l-rørsle har viktige karakteristika på "venstre" vore: manglande tillit til medlemmene, oversentralisme, ikkje tolerere usemje innad, manglande demokrati, tendensar til harde slag og stempling i interdiskusjonar.

I NKS si historie kan vi finne døme på begge desse tendensane. Eit typisk døme på "venstre" var den herostratisk berømte "deserteringslinja" i 1976/77 som gjekk ut på at hovudproblemet i, arbeidet var at medlemmene "deserteret" fra organisasjonen. Det er ingen tvil om at liberalisme var eit viktig problem på dene tida, men det var fullstendig å gå på sida av problemet å gjere dette til den viktigaste feilen.

Det er ingen tvil om at mykje av grunnlaget for m-l-rørsle sin framgang i 70åra har vore at vi har vore i stand til å identifisere feila ettersom dei dukka opp, slått fast karakteren av avvika og reist kampen mot dei. Vi har vor i stand til å slå fast at det har vore snakk om forskjellige avvik i forhold til vårt revolusjonære grunnlag og politikk.

#### HAR LEINGA INGEN HØGREFEIL?

Nokre kameratar har oppfatta vedtaket om høgrevviket som eit forsøk frå leinga på å moralisere over medlemmene sine høgrevvik, men utan å innrømme slike feil sjølv.

Vi meiner at leinga har ein del av ansvaret for at slike feil har utvikla seg (sjå avsnittet om årsaker). Dessutan meiner vi det er områder der leinga har stått for særleg alvorlege høgrevfeil. Det gjeld t.d. sikkerhetspolitikken der avvika kanskje har stått sterkare i sentralen i ein periode. Trass i at det har vore klart for alle i leinga at det har utvikla seg opne revisjonistiske feil på dette området har det ikkje blitt gripe inn mot dette før no. Ei førebels oppsummering av feila på dette området konkluderer med at NKS i lengre tid har fulgt den minste motstands veg:

i den grad sikkerhetspolitiske vurderingar har stått opp mot andre vurderingar, t.d. tid og pengar, så har det siste blitt avgjerande. Eit skikkeleg sikkerhetsarbeid kostar pengar og tid.

I samband med ein del interne konferansar har det vist seg at fleire kameratar har gitt blaffen i å følge det sikkerhetsopplegget som er gitt. Dessutan har det vore mykje organisatorisk rot i sentralen som også uttrykker ei dårleg forståing for betydninga av sikkerheta.

#### MEIR MATERIALE OM HØGREFEILA

Det er blitt etterlyst meir dokumentasjon om høgrevviket i NKS. Nokre kameratar syns at PU-vedtaket har for liteslik dokumentasjon. Men faktum er jo at dei som i førre nummer av 4. mai gjekk mot høgrevvedtaket ikkje gjorde dette pga. for lite dokumentasjon, men fordi dei er (var) politisk usamde i vår analyse. Innlegga frå Tromsø og frå Bugge viser dette klart: Dei kan f.eks. ikkje sjå at det har vore høgrevvik i sosialismedebatten, at vi har gjort viktige høgrevfeil i forhold til SV, dei er samde i å sjå påliberalisme som eit høgrevvik osv.

Likevel er det sjølsagt viktig å få fram meir konkret materiale om høgrevfeila i NKS. Slikt materiale vil hjelpe oss både til å forstå karakteren av høgrev og kva tiltak vi må sette i verk. Det følgjande bygger m.a. på oppsummeringar etter den siste reiserunde som sentralstyret har hatt i org., og på materiale som kom fram på sentralstyremøtet i februar. I viser elles til eigen artikkel om "'stoda" annan stad i bladet.

Forholdet mellom dagskamp og kommunistisk arbeid

Utan å arbeide for folks nære interesser og alltid legge stor vekt pådette vil vi aldri kunne vinne tillit. Og det er jævlig bra at NKS det siste året har vist at vi evner å gå i spissen for Alta-kampen, universitetspolitikk, levekårsaksjonar osv.

Men vi er jo ikkje først og fremst miljø-

aktivistar ellerkvinne aktivistar. Først og sist er vi kommunistar. Vi er ikkje nøgde med berre å stille oss i spissen for dagskampen. For oss blir dette arbeidet lite verdt dersom vi ikkje samstundes forsøker å vise at under kapitalismen er det ikkje miljøomsyn men profitten som tel. Vi må vise at for at det skal bli slutt på dette må vi få sosialisme og kommunisme. Derfor må vi alltid ha som overordna målsetting i dagskampen å propagandere for sosialismen, utnytte desse kampane til å gjere folk til kommunistar. Verve folk til NKS. Skolere osssjøl og våre sympatisørar. Bygge den kommunistiske organisasjonen systematisk oh målbevisst.

Mi ster vi dette perspektivet er det verkeleg fare på ferde. Derfor er eggrunnleggande usamd med kameratar i Tromsø som ikkje vil legge avgjerande vekt på å sjå kvinnekampen i eit strategisk perspektiv. Dersom Eva, Tromsø (4.mai/januar) hadde rett, ville ikkje NKS og AKP ha nokon eksistensberettigelse.

Oppsummeringar frå heile landet viser at det står ein systematisk tendens til å nedprioritere det særeigna kommunistiske arbeidet. Det viser seg at NKS-laga flest gjer ein bra innsats i dagskampen: Alta, studentkampen, forsvardebatt osv. Fleire plassar dominerer vi det studentpolitiske miljøet. Men samstundes viser detseg:

- 4-5 lag står i fare for å forsvinne til våren fordi det ikkje har blitt jobba med det særeigne kommunistiske arbeidet: Symparbeid, verving
- ein stad får vi over 100 stemmer som Raud Front ved studentsamfunnsvalg, men har berre 5 medlemmer og det er fleire år sidan det vart verva til NKS. Ingen har blitt spurt.
- få lagdriv systematisk skoleringsarbeid i marxismen
- både Oslo og Trondheim DS oppsummerer i sine beretninger at trass i framgang har det stått ei n systematisk tendens i IK-arbeidet



til å drukne i fronten og ikkje utnytte aksjonane til å styrke NKS. Kameratar i Tromsø har oppsummert at dei har gjort tilsvarende feil i IK-arbeidet. Bergen NKS har ikkje oppsummert slike feil, men med mitt kjennskap til Bergen har slike feil blomstrader i fleire år.

-Bergen NKS har dei siste åra hatt jamn tilbakegang i medlemstal. Dette er også det distriktet der markeringa av NKS har vore dårlegast, lite systematiske forsøk på verving, skoleringsarbeidet har ligget nede. Utmeldingane i Bergen har bl. a. samanheng med at høgreidear har fått utvikle seg utan særleg motstand. ( Dette er mine vurderingar. Kva meiner Bergen sjøl?)

- mange av dei laga som har verva bra det siste året legg lite vekt på å fostra dei nye medlemmene til erfare kommunistar. Våre nye medlemmer er ofte dyktige IK-aktivistar, men får lite mulighet til å bli dyktige marxistar.

Oppsummert: Vi har eit svært bra utgangspunkt for å kunne styrke det kommunistiske arbeidet og styrke NKS. Vi viser at vi i oraksis evnar å stille oss i spissen for folks daglege interesser på mange områder. Men kva blir dette arbeidet verdt dersom NKS står i fare for å forsvinne til neste semester? Dette er tilfelle berre eit fåtal stader, men den samme tendensen viser seg i ei eller annan form dei fleste stader.

Så er det kanskje nokon som framleis vil påstå at dette er "kapaistetsproblemer". Men går det an å seie for kommunistar at dei ikkje har tid og krefter til å drive med kommunistisk arbeid?

Forholdet mellom lokalt og sentralt arbeid

Det er ingen tvil om at mange ønsker meir og betre leining og sentralisme i NKS. Det er likevel ingen tvil om at forståinga for å vere med å utvikle linjer, sjå på NKS ikkje som eit interessant tilbod, men som ein organisasjon vi har eit kollektivt ansvar for - forståinga for dette er for lav.

Samstundes som mange skolelag i lang tid har etterlyst sentrale linjer på NSU og LNL, så viser det seg at det er svært få som ser segumaken verdtt å møte fram til sentrale konferansar som tar opp desse spørsmåla. Svært få av dei som er innkalla syns det er nokon vits i å gi beskjed om at dei ikkje kan møte fram

Dette trass i at innkalling og sakspapir er sendt i god tid på førehand.

Dersom dette bare gjaldt eit fåtal lag ville det ikkje vore noko å snakke om. Og nokre har sikkert gode grunnar for ikkje å møte fram. Men nåringsen møter fram til LNL-konferansen på Østlandet, da er det grunn til å rope varsko. Det er ikkje moralisme å hevde at dette er uttrykk for ei linje som dersom den får utvikle seg - ikkje berre truar LNL-arbeidet, men NKS som organisasjon fordi ein liten klikk med NKS-leiarar utan kontakt med grunnplanet skal pønseke ut politikken. Slikt tar knekken både på demokratiet og sentralismen.


Forholdet til revisjonismen

Beretningane frå Oslo og Trondheim DS oppsummerer høgrefeil i taktikken overfor SV/Sosfront. Særleg gjeld dette i IK-arbeidet. Utan at eghar gjort nokon gallup, vil eg tru at dersom vi spurte mange nye NKS-medlemmer om kva som er skilnaden mellom NKS og

Sosfront så vil dei seie to ting: 1. At Sosfront er mot aktivisme og grunnplansarbeid og 2. at Sosfront har ein reaksjonær utan-ikspolitikk i forhold til Sovjet

Forståinga for karakteren av SV-revisjonismen som eit borgarleg arbeidarparti er mildt sagt dårleg i NKS. Grunnlaget for høgrefeila i forhold til SV er å finne i stor usikkerhet i synet på dei grunnleggande skilnadene mellom marxisme og revisjonisme. Eg meiner det er all grunn til å halde fast ved vår analyse av SV-revisjonismen som vi utvikla i den utskjelte perioden 74-76. Feila som vart gjort seinare evd å t.d. ikkje skille mellom medlemmer og leining, ikkje utvikle ein smidig taktikk og dermed grave djupe grøfter mellom oss og progressive medlemmer og sympatisørar av SV - var feil i taktikken. Det prinsipielle synet vi utvikla på revisjonismen i denne tida var naturlegvis ikkje årsaken til "venstre"feila i taktikken.

Derfor betyr ikkje eit oppgjør med høgrefeil i forhold til SV at vi no skal attende til ei tid med "berre kamp og ikkje einskap". Vi har i løpet av siste året utvikla ein einskapsfront med SV i studentpolitikken som i all hovudsak har vore bra og som det er viktig å bygge vidare på.



*Vi har oppnådd ein einskap i aksjonar som er bra*

Det som er høg re er ikkje å utvikle eit breitest mulig einskapsfrontarbeid med SV der dette er muleg. Høgrefeil er t.d.:

- å unnlate å ta kamp innad i fronten mot feilaktige linjer.

- å ikkje markere oss mot SV-linjer i utdanningspolitikken som vi er klart usamde i (t.d. deira syn på Stm. 45 og 89, grunnplansorganisering)

- å unnlate å merkere oss mot SV-linjer i dei grunnleggande spørsmåla: Reformisme eller revolusjon, synet på sosialisme, synet på staten og valdsapparatet undr kapitalismen, analysa av sosialdemokratiet osv. Der er ein føresetnad for vidare framgang for NKS at vi reiser slike spørsmål.

- å unnlate å vise samanhangen mellom SVs universitetspolitikk/utdanningspolitikk og reformismen i strategien.

n SV får mellom 20 og 30 prosent av studentstemmene ved valg. Dette er god nok grunn til å byrje å komme på offensiven mot SV eksternt. Men føresetnaden for å kunne lukkast i dette er at vi forstår den grunnleggande karakteren av SV-revisjonismen.

Synet på marxismen - skoleringsarbeid

Vi kan sikkert ført bli samde om at det blir drive for lite og for dårleg skoleringsarbeid i NKS. Eg meiner dette er eit av dei viktigaste uttrykka for høgre i forbundet. Og eg meiner at dette avviket står sterkt ikkje minst i DSA og iaga, mindre i sentralen. I løpet av det siste året har vi utarbeidd ei rekke studieopplegg. Nokre stader er dette nytta med godt resultat, men altfor mange stader har verken nytta seg av opplegga eller kommet med krtikk.

Eg meiner det står ein del feilaktige idear i vegen for framgang på dette området:

- overvurdering av nivået i NKS. Det er eit faktum at skoleringsnivået er skremmande lavt i NKS og dette gjer oss lett påverkelege

frå borgarleg ideologi.

- tendensar til borgarleg skeptisisme. Det er ikkje noko høgareavvik å innsjå at det er mange uløyste problem i marxismen. Men det er eit svært alvorleg høgareavvik dersom tvilen tek overhand: Det er få ting som er sant i marxismen, det er tvilsomt om det finst eit revolusjonært grunnlag osv. Det er eit faktum at det fins slike tendensar i NKS. Eg meiner at innlegget til Bugge i forrige nummer av 4. mai var prega av slike tendensar: Kamp mot "dogmatismen" blir viktigare enn kamp for marxismen.

I sitt lange innlegg tek Bugge berre standpunkt til eit konkret problem (mangel på propaganda): Resten av PU-vedtaket er enten a) tvilsomt eller b)for lite problematiserande eller c) moralistisk eller d) stamplande eller ei handlar om kapasitetsspørsmål. Og Bugges raljering over "disse avvikskampanjene" er logisk: Forutsetninga for å kunne snakke om avvik frå marxismen we jo at vi anerkjenner at marxismen sine grunnleggande prinsipp er sanne. For ein skeptikar er det absurd å snakke om avvik. Uansett kva Bugge subjektivt måtte meine, så argumenterer han i sitt innlegg etter disse linjene.

Bugge følger tildels i sporet til ein kjent skeptikar i antikken ( som levde samtidig med den primitive vulgæridealisten Jesus frå Naseret ) som meinte at fordi ingen sann kunnskap var muleg skulle menneska "avhalde seg fr å å felle dommar og på den måten befri seg frå unødvendige spørsmål og vinne sinnsro". Er det nokon som ser visse paralleller? Dessutan er det viktig å vere klar over at skeptisisme ofte går samanmed pragmatismen: Det som er umiddelbart nyttig, er også sant. Ført ut i sin konsekvens i politikken fører desse tendensene til fullstendig knefall for borgarskapet og dei mest tilbakeleggande ideane i massene

- undervurdering av studiar i marxismens ABC, dei mest grunnleggande sakene. Ein del kamera-  
tar ( og nokre av dei utmeldte i Bergen ) meiner  
studiane i NKS først og fremst bør konsentrere  
seg om problema i marxismen. Det er klart  
vi skal gjere dette også, men korleis skal NKS-  
medlemmene ta stilling til problema dersom berr  
berre eit fåtal har elementært kjennskap til  
t.d. Lenins partiteori.

Oppsummering: Eg har konsentret med  
om nokre områder i det foregående. I tillegg  
kunneeg også ha gått inn på områder som er  
blitt omtalt tidlegare: Sosialismedebatten,  
praktiseringa av den demokratiske sentralis-  
men, synet på sosialimperialismen, fagkri-  
tikk, synet på den strategiske betydninga av  
kvinnekampen. Dels av plassomsyn, dels fordi  
dette har blittomtalt fleire gongar tidlegare  
må dette utstå.

Dessutan er det områder som enno ikkje  
har blitt dratt inn i diskusjonen. Eit døme er  
samskipnadspolitikken i Oslo der Grønt Gras  
har kome på offensiven fordi vi i alt for stor  
grad har gått med på SV sine premisser med  
å fokusere einssidig på "brukarstyringa" i  
staden for å slå fast at dette er eit fullstendig  
underordna spørsmål. Mitt syn er at brukar-  
styringa til tid r kan vere gunstig for studen-  
tane (Vi har døme på dette).

#### OM ÅRSAKENE TIL HØGREAVVIKET

Eg vil i det følgande ta utgangspunkt i  
Steigans analyse av dette i ei innleiing på  
partilandsmøtet. Dette er ei analyse som i  
grove trekk også er dekkande for NKS. Men  
vi må og sjå det særegne ved NKS.

Steigan opererer med to typer årsaker:  
Ytre samfunnsmessige og indre veikskapar i  
partiet. I tillegg vil eg legge vekt på ein tredje  
kategori: Utviklinga i Kina som har ført til  
stor usikkerhet i synet på sosialismen: Vi kan  
kalle dette for "Deng Xiaoping-syndromet".

Av samfunnsmessige årsaker nemner  
Steigan følgande:



Her ser du tegninga til diktet — *Sangen om  
revisjonismen.*

- langvarig fredeleg utvikling av kapitalismen  
skaper illusjonar om borgarskapet
- relativ velstand skaper illusjonar om kapi-  
talismens evne til å overleve
- massiv påverknad frå borgarleg ideologi
- ideologisk offensiv frå sosialimperialismen  
og revisjonismen
- 60-tallsgenerasjonen etablerer seg. Dei  
gamle opprørarane forlet barrikadane
- rask framvekst av eitsvært fagleg tillits-  
mannsskipt utan partileiing legg grunnlag  
for sosialdemokrativering.

For NKS sitt vedkommande meiner eg og  
at følgande faktorar er vesentlege:

- på dei høgare lærestadene var marxismen  
"in" i byrjinga av 70-åra. Det var ingen stor

belastning å vere marxist, i forhold til idag. Nå har borgarskapet stramma til og den "anerkjente" marxismen ved dei høgare lærestadene er ulike variantar av SV-revisjonismen. To NKS-arar strauk til hovudfag i sosiologi bl. a. med grunnleggjering at dei nytta seg av Lenins "vulgære statsteori" og ikkje Slagstad sin teori som var "vitenskapelig". Det er snakk om ei sterk ideologisk påvirkning mot marxismen frå revisjonismen og tildels open undertrykking av marxismen.

- universitetet produserer også opphørleg open borgarleg ideologi. I ein situasjon der marxismen er på defensiven og NKS-arar er usikre skapar dette godt grunnlag for utvikling av revisjonisme og reformisme i eigne rekker

- universitetet er eit system der strebarmentalitet og karrierisme står i høuset. At dette ikkje fårringverknader i NKS vil vere naivt å tru. Det er ingen tilfeldigheit at lista over vitenskapelig tilsette som har meldt seg ut av NKS og AKP er svært lang. (Utan dermed å seie at alle desse er karrieristar).

- vår klassemessige stilling som intellektuelle småborgarar vil naturlegvis alltid måtte føre til at det er ekstra god grobott for reformisme i våre rekker. Men detter har også historisk vist seg å gje opphav til "venstre"opportunisme (Gløym ikkje det!)

Når detgjeld dei indre veikskapene så har allereide vore inne på nokre av desse. Fpr det første klassesamansettinga. Denne kan vi gjere lite for å endre. Men det er svært viktig å vere klar over at denne alltid vil påverke oss. Vår viktigaste garanti mot at dette skal få for stor innverknad er å knytte mest muleg nære band til partiet. For det andre : Spørsmålet om skoleringsnivået. Dette er lavt. Eit uttrykk for dette er at mange kameratar ikkje veit kva vi meiner med "høgreavvik". Nokre oppfattar det som stemping å kalle standpunkter i interdebatten for revisjonisme. Mangel på skoling

legg NKS open for innpass frå alskens borgarleg og revisjonistisk grums.

For det tredje vil eg leggevekt på den tidlegare omtalte skeptisismen. Eg meiner det er jævlilig viktig å slå fast at vi har eit revolusjonært grunnlag og at det er ein hovudoppgave for oss å forsvare dette mot revijsonistiske forvrengningar. Det er no på tide å reise denne kampen i staden for å surmule over "anti-dogmatisme"-kampanje som forsvant". Berre på denne måten vil vi kunne løysa problema i marxismen og vidareutvikle denne.

For det fjerde er det viktig å vere klar over at det forrige sentralstyret utvikla nokre viktige høgreidear i oppgjeret med tidlegare venstrefeil som bidro til å utvikle høgreavviket i NKS:

- tendensar til å oppsummere venstrefeilla feilaktig: At 75/76 var si svart periode, venstrefeilla var like gale som høgreavviket i 72/73, at proletariseringskampanjakanskje var feilaktig osv. Dette overslaget i oppsummeringa av ei periode som bl. a. hadde dei største 1. mai toga i 70-åra, måtte gje utslag i politikken. I staden for "monlittisk enhet" kom ein tendens til å legge ned den ideologiske kampen, liberalismen fekk utvikle seg, oversentralisme vart erstatta med tendensar til ultrademokrati.

Det er ingen tvil om at i perioden 78/79 utvikla det seg feilaktige idear f. eks. i forhold til den demokratiske sentralismen som NKS framleis er prega av.

#### Deng Xiaoping-syndromet

Det er etter mitt syn umuleg å forstå framveksten av dei mange ulike høgreideane i sosialismedebatten og i andre grunnleggjande spørsmål utan å trekke inn endringane i Kina sidan 1976 og følgene av dei.

Desse hendingane har vist at det er ei rekke spørsmål ogproblem ved oppbygginga av sosialismen som verken vi eller kommunistar i

i andre land har tilfredsstillande svar på. Dette gjeld spørsmål som særleg har med den økonomiske oppbygginga å gjere: Forholdet mellom plan og marked, verdilova sin betydning, forholdet mellom sentral planlegging og lokal autonomi. Men det gjeld også andre spørsmål: Forholdet mellom politikk og økonomi, klassekampens betydning, sosialistisk demokrati.

## VÆR PÅ VAKT MOT "VULGARISERING"

Dersom ein ser på NKS si historie vil ein sjå at det gongane vi har rette kampen mot høgrefeil er d t alltid i kjølvatnet av dette dukka opp "vulgariseringsfeil" - overslag i retning "venstre". Det er difor grunn til å peike på dette no då vi er i ferd med å ta eit oppgjør med ein d l klare høgrefeil. Eg ser ingen slike tendensar i NKS av betydning idag. Men alle-reide no har vi erfart nokre konkrete tilfeller der kameratar i sin iver etter å markere NKS mot andre grupperingar har gjort overslag. I tida framover har DSA eit særskilt ansvar

for å følgeopp denne diskusjonen og samstundes med å rette søkelyset mot høgrefeila må det leggst konkrete planar for t.d. skoleringsarbeidet.

Eg meiner at sosialismedebatten har vist at mange kameratar tar desse problema for lite alvorleg. Det har vore ein diskusjon .f. som i stor grad har vore prega av tendensar til å konstruere utopiar om det sosialistiske demokratiet utan å legge avgjerande vekt på den grunnleggande betydninga av økonomien og klassekampen. Ein diskusjon om sosialistisk demokrati som ikkje ser samanhengen mellom basis og overbygning må ikkje n nødvendigvis bli idealistisk og overflatisk. E t døme på dette er innlegget frå Gunder i forrige nummer av 4. mai, eit innlegg som tenderer i retning av å sette likskapsteikn mellom sosialisme og kommunisme ( sjå eigen artikkel)

På oppdrag frå Sentralstyret

PJ

# HØGRE-DEBATTEN: ANDRE RUNDE FRA KI

Sentralstyremedlem (SM) svarer på innlegget mitt i forrige nummer av 4. mai med mellom anna påstandar om at eg undervurderar høgreavviket, at eg ikkje nokon gong har foreslått å reisa diskusjonen om høgrefeila, at eg ikkje polemisere mot reformistiske idear, at argumenta mine PU-vedtaket er vikarierende argument, at eg eigentleg er mot høgreavviks-analyse.

Slike påstandar set sjølv sagt min (tvisamme) beskjedenhelt på ei sterk prøve, men eg skal nøyta meg med å slå fast at SM ikkje i det helle har freista å begrunna at eg er skuldig i alt dette. Om han hadde freista hadde det vore mot bedre vitande.

Eg har dei siste åra blitt beskulda for å "stå på dogme'bg for "venstre"linjer, så eg

får vel tåla at eg no blir utskjelt for høgreavvik. (For balansen si skuld om ikkje anna)

Poenget mitt er at det ikkje nødvendigvis treng vera skumle hensikter som lig bak ein kritikk av PU-vedtaket (sjølv om det sikkert er det i mange tilfelle). Bakgrunnen for kritikken var faktisk at eit betre vedtak ville vera eit langt betre våpen i kampen mot høgreavvik. Ein slik mulighet åpnar ikkje SM for i det helle.

Det som eg kritiserer i innlegget var at PU-vedtaket ga inntrykk av at høgreavviket var vedteke i utgangspunktet, og at ein deretter leita seg fram til argument for å støtta opp om denne konklusjonen. Det er viktig i den situasjonen vi er i no å visa at det er på grunnlag av grundige undersøkingar at

ein kjem fram til at det finnst eit systematisk høgrevvik. At PU-vedtaket ikkje maktar å klargjera dette er svært beklageleg, særleg på bakgrunn av den klare tendensen somer i NKS til å gjera den same feilen (med omvendt fortekn). Nemleg å først konkludera med at det i alle fall ikkje er snakk om noko høgrevvik, før ein i det heile tatt stikk fingeren i jorda. Eit par døme som kan illustrera dette frå Blindern den siste tida:

- Eit lag diskuterar høgrevviket og kjem fram til at det ikkje er noko høgrevvik. Deretter oppsummerer ein problema i laget og kjem fram til at den største veikskapen er at folk er passiviserte(!)
- Eit lag diskuterer høgrevviket og kjem fram til at det ikkje er noko høgrevvik. Deretter diskuterer ein problema i Afghanistan-arbeidet, som er hovudoppgåva til laget og kjem fram til at veikskapen her er at vi ikkje kjem ut som kommunistar med kommunistisk propaganda, og at kreftene har vore konsentrert om å få tak i representantar frå dei ulike politiske gruppene til Afghanistan-komiteen, og at massemobiliseringa har mangla heilt.

Det er med andre ord ein tendens til å skilja spørsmålet om høgrevvik frå spørsmålet om kva som er situasjonen i dag, og vurderer det som eit eller anna som "svever over vannene".

Ein del kameratar får det brått så travelt å vurdere det prinsipielt forkastelege i å snakke om høgrevvik utan å knytta det til realitetane i dag.

Ein annaa form for abstraksjon er Bugge sitt spørsmål i forrige nummer om kva som er hensikten generelt med avviks-kampanjer (At Bugge i fleire år har gått hardt inn i kampanjer mot "dogmatisme" og "venstreavvik" utan at han nokon gong har sett det uhensiktsmessige i det, skal få ligga). Når Bugge kan stilla spørsmålet om det prinsipielle ved kampanjer mot avvik, samstundes som han forfektar aktivt synet at NKS rett og slett bør nedleggast (4. mai nov. 80), då er det at vi som satsar på NKS byrjar å lure

på om han verkeleg har sett Lyset. Med utgangspunkt i Bugge sitt (subjektive?) syn: At m-l-rørsla alltid har rota monolittisk omkring i ei av grøftene, er det ikkje rart at Bugge ikkje finn noko avvik. For kva er Bugge sitt svar på all grøftetrafikken? Jau, få slutt på einheitlege linjer, legg ned NKS, eller slutt å definere kvar vegen går, for då kan ingen, ikkje ei linje, ikkje ein mann definierast som grøftefyll.



Dette var polemikk mot to -2- linjer i Bugge sitt innlegg. Dersom eg skulle ta dei resterande 278 ville vi fått ei bok på 200 sider som tok opp dei fleste linjekampane som har forekomme frå Marx til no, fordi det alltid, når feilaktige linjer oppstår, kan komme og vil komma ein eller annan vismenn å forkynna det prinsipielt forkastelege i å nedkjempa feil, fordi "det er ikkje sikkert at noko er feil".

Bugge sine abstraksjonar over temaet avvik, skulle visa klart at spørsmålet om høgrev/ikkje høgrev må konfronterast svært konkret med fakta om situasjonen i dag. Difor kritiserer eg PU-vedtaket for å vera overflatisk og altfor lite konkret. Det er uheldig at PU sitt første initiativ til kamp mot høgrev, at folk rettar same kritikken mot dette som kan rettast mot Bugge, trass i at grundigare undersøkingar for det meste vil gje PU heilt rett i konklusjonane.

Kr.

## REPLIKK TIL KI

Sidan K n o klart tilsluttar seg det politiske innhaldet i PU-vedtaket, og heller ikkje svarer på min kritikk av hans forrige innlegg, vil eg tolke det slik at vi er i ferd med å bli samde om dei viktigaste sakene.

Berre ei sak vil eg kommentere: Eg har sjølvsagt ikkje tillagt Ki n skumle hensikter. Det eg forsøkte å påvise var at knutsen på fleire område undervurderte høgrefaren, og at hans kritikk av høgrefaren etter alt å dømme var uttrykk for politisk usemje med vedtaket.

Eg skal innrømme at den skarpe polemiske forma delvis hadde bakgrunn i ein smule irritasjon over at ein sentral kamerat på den eine sida seier seg heilt samd i det politiske innhaldet i vedtaket, men på den andre sida skjeller ut PU og sentralstyret etter noter utan at han på noko vesentleg punkt bidrar til å rette på dei feila han kritiserer PU for.

Sentralstyremedlem

## ER ALT SVART

### NOEN KOMMENTARER TIL TROMSØ-LAG

I forrige nummer av 4. mai ble det trykket et vedtak fra medlemsmøte i NKS-lag i Tromsø. Dette innlegget inneholder noen kommentarer til vedtaket:

#### SVARTMALING

Jeg synes dere svartmaler situasjonen i NKS og m-l-rørsla. For det første når det gjelder situasjonen i dag, for det andre når det gjelder m-l-bevegelsens politikk og politikkutvikling.

